

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal

Protokoll nr. 02/2019
(HMR ref.: 2019/1709)

Møtedato 22.05.2019

Medlemar:

Varamedlemar:

Tilstade: x

X	Anders Riise, KS, Hareid kommune, leiar		Geir Stenseth, KS Ålesund kommune
-	Maritta Ohrstrand, KS, Kristiansund kommune	X	Sidsel Rykhus, KS Molde kommune
X	Ragnhild Velsvik Berge, KS, Herøy kommune		Wenche Solheim, KS, Ørsta kommune
X	Ingrid Løset, Leiar Brukarutvalet HMR		Ann Helene Skare, Nestleiar Brukarutvalet HMR
-	Grete Teigland, Direktør Helse- og sosialavdelinga, Fylkesmannen MR	-	Marit Hovde Syltebø, Ass. Direktør Helse- og sosialavdelinga, Fylkesmannen MR
X	Stian Endresen, leiar praksiskons.		Fagdirektør Torstein Hole Britt Valderhaug Tyrholm
-	Bjarne Storset, repr. frå styret HMR	-	Toril Forbord, Styremedlem HMR
X	Lena Bjørge Waage, samhandlingssjef HMR		Mariann H. Gammelsæther, med.fagsjef
X	Mariann G. Svendsen, LO		Hild Våge, LO
-	Ståle Evald Ræstad, NSF	-	Gjermund Øysteinson Moe

Observatørar: Siv Iren Stormo Andersson (forfall), Knut Nautvik, Jan Morten Dale (forfall) og Bjarte Jensen (forfall)

Andre: Synnøve Vasstrand Synnes (presentasjon Nye Ålesund kommune), Therese Hoel og Anne Lise Sagen Major (presentasjon Helseplattformen), Asbjørn Kjelsvik (presentasjon om BEIDIS), Britt Valderhaug Tyrholm (presentasjon om samhandlingsdata og årleg melding),

Sekretariat: Helse Møre og Romsdal HF v/ Marianne Gravem

Fråvær:

Maritta Ohrstrand (vara kalla inn), Grete Teigland og vara Marit H. Syltebø, Ståle Evald Ræstad og vara Gjermund Ø. Moe, Bjarne Storset og vara Toril Forbord.

Møtet i Overordna Samhandlingsutval Møre og Romsdal vart halde i møterom Brosundet Ålesund rådhus.

Møtet starta kl. 10:00.

Leiar Anders Riise ønska alle velkomne.

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal behandla følgjande saker i møtet:

Sak 08/2019**Godkjenning av innkalling og sakliste****Vedtak:**

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjente innkalling og sakliste.

Sak 09/2019**Orienteringssaker**

I møtet vart Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal gjeve følgjande orienteringar:

- Orientering om Nye Ålesund kommune v/ Synnøve Vasstrand Synnes påtroppande kommunalsjef helse og omsorg
- Helseplattformen v/Therese Hoel prosjektleiar Regional arbeids-gruppe (RAG) Nordre Sunnmøre
- BEIDIS – innføring digitale forespørselsmeldingar mellom behandlar i sjukehus og kommune v/Asbjørn Kjelsvik e-meldingsansvarleg HMR
- Samhandlingsdata – herunder utskrivingsklare pasienter, og statistikk forekomst innlegging/reinnlegging v/ Britt Valderhaug Tyrholm spesialrådgivar HMR
- Omstillingsarbeidet HMR v/ Lena Bjørge Waage samhandlingssjef HMR
- Reforhandling samhandlingsavtale v/Lena Bjørge Waage samhandlingssjef HMR
- Status pasientforløpet for den eldre multisjuka pasient v/ Britt Valderhaug Tyrholm spesialrådgivar HMR
- Regional samhandlingskonferanse 2020 v/Lena Bjørge Waage samhandlingssjef HMR

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval tek orienteringssakane til vitande

Sak 10/2019**Referatsaker – utan saksframlegg**

- Referat frå Lokalt samhandlingsutval Molde 01-2019
- Referat frå Lokalt samhandlingsutval Molde 02-2019
- Referat frå Lokalt samhandlingsutval Ålesund
- Referat frå Lokalt samhandlingsutval Volda
- Referat frå Klinisk samhandlingsutval fødsel, svangerskap og barselomsorg 05.12.2018
- Referat frå Klinisk samhandlingsutval fødsel, svangerskap og barselomsorg 08.03.2019
- Felles behandlarråd i Møre og Romsdal
- Uttale frå Overordna samhandlingsutval til HMN om etablering av Fylkeskontor til Helseplattformen
- Brev frå Rådmannsgruppa på Sunnmøre - Kommunane påpeikar for dårlege prosessar og krev og verte involvert for å sikre heilskapleg og god pasientbehandling

Overordna samhandlingsutval ønskjer ei orientering i neste møte om realitetsbehandling av brev ulike kommunane knytt til samhandling mellom helseføretaket og kommunane i forbindelse med omstillingsprosessen som er aktuell i helseføretaket for tida.

Sak 11/2019

Årleg rapport om samhandlingsavvik**Vedtak:**

Overordna samhandlingsutval tek årsrapporten for samhandlingsavvik 2018 til orientering.

Overordna samhandlingsutval formidlar rapporten som orientering til dei lokale samhandlingsutvala i Møre og Romsdal og regionråda.

Sak 12/2019

Årleg melding**Vedtak:**

1. Overordna samhandlingsutval gler seg over at det er god fagleg framdrift innafor dei prioriterte områda i samhandlingsstrategien og samhandlingsområda i utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal HF (2019 – 2022)
2. Overordna samhandlingsutval sluttar seg til innhaldet i årleg melding for samhandling i Møre og Romsdal i 2018.

Sak 13/2019

Dialogmøte 2019**Vedtak:**

1. Overordna samhandlingsutval ber om at det blir satt opp eit dialogmøte siste kvartal 2019.
2. Overordna samhandlingsutval ber om at HMR i samarbeid med regionråda utarbeidar forslag til program, som leggast fram i møte 4.september.
3. Overordna samhandlingsutval ber om at ein i same møte legg fram forslag over møtedatoar for 2020.

Sak 15/2019

Uttale frå Overordna Samhandlingsutval til Helseplattformen AS**Vedtak:**

Overordna samhandlingsutval ser med uro på at Helseplattformen AS ikkje ønskjer å etablere fylkeskontor i Møre og Romsdal som kan sikre lokal koordinering og lokal medverknad til systemet i både konfigurerings- og opplæringsarbeidet. Ein må sikre i rekrutteringsprosessen at vilkåra for søkarar frå Møre og Romsdal blir slik at det er ein reell moglegheit for tilsetning, herunder dekking av ekstrakostnadar.

Overordna samhandlingsutval ber Lena B. Waage og Anders Riise i samarbeid forfatte ein uttale frå utvalet til Helse Midt-Norge RHF, Trondheim kommune og Helseplattformen AS.

Sak 14/2019

Godkjenning av protokoll 02/2019 – 22.05.2019

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval godkjenner protokollen frå møtet.

Møtet slutt kl. 14:00

Ålesund, 22.05.2019

Anders Riise

Stian Endresen

Ingrid Løset

Ragnhild Velsvik Berge

Mariann G. Svendsen

Lena Bjørge Waage

Sidsel Rykhus

Overordna samhandlingsutval
Møre og Romsdal